



Prosess MHN Region Vest Mattfisk / Krise- og beredskapsplaner / Lokale beredskapsplaner

Godkjent dato 07.06.2017 (Tone Bu)

Endret dato 07.06.2017 (Tone Bu)



Marine Harvest Norway AS
Kvalitetshåndbok

Beredskapsplan for lokalitet Rundereimstranda 13612

Rømming:

Dersom det blir oppdaga rømming frå lokaliteten, skal gjeldande prosedyre iverksetjast umiddelbart. Dei viktige momenta er: avgrense skadeomfanget, varsle iht instruks og starte med gjenfangst.

Lokaliteten har 23 garn lagra på landbasen sin, i tillegg er der deponi a 30 garn på landbasane Raudeberg og Beitveitneset, som kan nyttast til gjenfangst av rømt oppdrettslaks.

Garna er tilpassa dei ulike fiskestørrelse i produksjonstida.

Garndimensjon	Vektklasse
5 stk 26-28mm	150-500 g
5 stk 32-37mm	500-1,5 kg
6 stk 52-55mm	1,5-3kg
7 stk 63mm	3-8 kg

Lokalitet Rundereimstranda har gode nettverk med tanke på lokale fiskara som kan stille med eige utstyr, og hjelpe til med å fiske opp rømt oppdrettslaks ved behov.

Massedød / naudslakting / ensilering:

Tankar og kvern som er lokalisert på landbasen, vert brukt til ensilering av daufisk under normale omstendigheiter.

Kverna har relativt god kapasitet. Kan kverne ca. 3 m³/time. Lagerkapasitet på landbase er 42 m³.

I tillegg er det litt lagerkapasitet på flåten.

Lokalitet Rundereimstranda har skriftleg avtale med Scanbio, som vil bistå med henting av ensilasje. Dei kan òg hjelpe til med ensileringa om det skulle vere behov for ekstra kapasitet.

Fellesutstyr ved massedød (2 x utstyr som er lagra på Raudeberg):

- Nødliftup med luftkompressor



Prosess MHN Region Vest Mattfisk / Krise- og beredskapsplaner / Lokale beredskapsplaner

Godkjent dato 07.06.2017 (Tone Bu)

Endret dato 07.06.2017 (Tone Bu)

- Silekasse til liftup
- Stativ til å henge storsekk i, montert mot silekassa
- Monsterkvern frå Stette, kapasitet på 6tonn i timen
- 200 storsekk, pluss deponi områdevis

Det vil òg vere mogleg å benytte seg av brønnbåtar, som er utstyre med vakuumlastings utstyr.

Dersom det er behov for avliving av større mengder på lokaliteten, vert Scanbio kontakta for å destruere fisken.

Ved naudslakting har Marine Harvest region vest avtale med Rostein rederiet som kan hente fisken og transportere den til vårt prosesseringsanlegg på Eggesbønes. Gjeldande regelverk for transport av sjuk fisk (Kategori 1,2 og 3 sjukdomar) skal sjølvstakt følgjast.